



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 01.08.2014
Vår ref.: 2014/19395-5
Sakshandsamar: Endre Korsøen
Telefon: 55 23 91 04

H-R-1 og H-R-17 Skjærgårdsfisk AS og H-R-18, H-KM-1 og H-KM-4 Lingalaks AS - Søknad om utviding av MTB på lokalitet 31497 Toska N i Radøy kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av søknad motteke 31.07.2014 frå Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS om utviding av maksimalt tillaten biomasse (MTB) i anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 31497 Toska N i Radøy kommune.

Lokalitet 31497 Toska N er klarert for ein MTB på 2340 tonn. Verksemduene søker no om auka MTB til 3620 tonn på lokaliteten. Det vert ikkje søkt om endringar i arealbruk eller utstyrsendringar.

Bakgrunnen for søknaden er å legge til rette for eit framtidsretta anlegg for Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS. Ved å gjere denne endringa vil ein styrka Skjærgårdsfisk AS som eit lokalt selskap med eigen administrasjon og drift i Radøy kommune. Soneindelinga som er iverksatt medfører at Toska N blir ein svært viktig lokalitet for Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS. Endring av MTB vil gje moglegheiter til å optimalisere drifta ytterlegare på lokaliteten og innanfor sonene med tanke på fiskehelsevelferd, og for å kunne gjennomføre ein "alt inn og alt ut" produksjon mest mogleg hensiktmessig. Tilpassinga til soneinndelinga vil betra dei langsiktige utviklingsmoglegheitene til næringa. Verksemduene viser også til gode miljømålingar over fleire generasjoner som viser at lokaliteten har god tåleevne.

Hordaland fylkeskommune ber om at Radøy kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med sokjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til sokjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd, og innan 3 månader (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De kontaktar sakshandsamar Endre Korsøen, tlf.: 917 64 632 i Hordaland fylkeskommune.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi: Skjærgårdsfisk AS/Lingalaks AS